



LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

Fronta Bygg Bergen AS
Espelandsvegen 151
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5739 - 14/21973

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
01.10.2014

Løyve til tiltak - gbnr 137/775 Alver - Næringsbygg

Administrativt vedtak:

Kommunen gjev løyve til etablering av næringsbygg i samsvar med søknad datert 18.06.2014 med kompletteringar sist motteke 30.09.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet "Ansvar og kontroll".

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1) Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
- 2) Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
- 3) Tiltaket må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
- 4) Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søkjar formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.
- 5) Tiltaket skal utførast etter gjeldande reguleringsplan med føresegner.

Merk spesielt: Biloppstillingsplassar etter reguleringsføresegnene 2.3 Parkering

- 6) Eigaren av eignedomen og ansvarlege føretak skal innordna seg reguleringsplanen med føresegner.
- 7) Eignedomen (bygget) skal knytast til offentleg vatn og avløp. Søknad om tilknytning og planar for VA-anlegg skal vera godkjent før arbeidet vert sett i gang.

Merk spesielt: Oljeutskiljar må vera med.

- 8) Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 15.09.2014, med **ferdig golv 1. etasje på kote 65**. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande.
- 9) Avkjørsle skal byggast på godkjent stad i samsvar med Lindås kommune sine standardkrav til avkjørsler.
- 10) Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
- 11) Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10. I dette vedtaket er det knytt følgjande særlege vilkår for at det kan verte gjeve bruksløyve/ferdigattest:
 - 1) Utomhusareala må vere opparbeidd og tilplanta i samsvar med godkjent situasjonsplan/reguleringsplan.

Merk spesielt: reguleringsføresegnene 1.3.6 Vegetasjonsskjerm langs veg .

2) Veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg må vere opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

3) Det skal leverast "as built teikningar" av leidningsnettet og utvendige VA-installasjonar ved tilknytting til offentleg leidningsnett, jf sanitærreglementet til Lindås kommune.

4) Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

Søknaden

gjeld oppføring av næringsbygg med BYA 1.088 m² og BRA 1.371 m². Tomtearealet er 3.001,5 m².

Søkar opplyser om følgjande bruk :

Reperasjoner av anleggsmaskiner og vedlikehold.
Reperasjoner og vedlikehold av lastebiler og tyngre kjøretøy
Reperasjoner og levering, klargjøring av varmepumper. Salg.

Plangrunnlag

er *Reguleringsplan Galtaråsen*. Akjørsel er ikkje slik som vist i planen. Den vart godkjent i delingssaka (delegert sak 02.12.2013, sak 2013/3575). Tillaten BYA er 80% inkl. parkeringsareal. Maks mønehøgdd for delfeltet er på kote 79,5.

Naboforhold

Naboar er varsla . Det er ikkje registrert merknader til søknaden.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3).:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	T2	Ansvarleg søkar	Fronta Bygg AS	911833646	S
PRO	T2	Overordna ansvar for prosjektering	Fronta Bygg AS	911833646	S
PRO	T2	Overordna ansvar for utføring	Fronta Bygg AS	911833646	S
KONT	T2	Uavhengig kontr - branntryggleik	Trygcon AS	988970522	S
KONT	T2	Konstruksjonsteknikk	J Tufteland AS	941931790	L
KONT	T2	Bygningsfysikk - energiutrekning	J Tufteland AS	941931790	L

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Sakshandsamingsfrist

er 12 veker og handsaming av er gjennomført innafor fristen.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar .

Søknadspliktige tiltak (Pbl§20-1)	Gebyr
10.2.2 Næringsbygg basisgebyr	Kr 17.800
10.2.3 Arealtillegg kr 40,- pr.m ² BRA x 1.371m ²	Kr 54.840
10.3.3 a) Godkjenning av ansvarsrett m/sentralgodkj. 1 føretak	Kr. 1.000
10.3.3 b) Godkjenning av ansvarsrett u/sentralgodkj. 1 føretak	Kr. 2.800
SUM	Kr 76.400

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunnjevast.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Møn Eiendom AS

5936

MANGER

Mottakarar:

Fronta Bygg Bergen AS

Espelandsvegen
151

5258

BLOMSTERDALEN